

Vik skule og barnehage
5568 Vikebygd
Vikevegen 1266
Tlf. Skule: 53655730
Barnehage: 53655739
Dato: 06.10.22



Referat frå møte i samarbeidsutvalet Vik skule og barnehage 04.10.22

Desse møtte:

Frå elevrådet: Reiar Winterhus Julsrud og Natalie Dommersnes Vågen

Frå FAU på skulen: Knut Øvstedal og Håvard Tveit

Frå andre tilsette på skulen: Berit Skartland

Frå tilsette i barnehagen: Håvard Lothe

Frå foreldrerådet i barnehagen: Mona Hegerland og Mona Aksdal

Frå undervisningspersonalet: Ingrid L. Sandvik

For kommunen : Anne Marte W. Tveit og Tormod Sandsgård

Meldt forfall: Anne Wenche Vik (frå tilsette i barnehage)

Sak 1 Orientering om arbeidet i samarbeidsutvalet

Ved kvar skule skal det vere eit samarbeidsutval med representantar frå tilsette, foreldre, elevar og kommunen. Ved Vik skule og barnehage er det felles samarbeidsutval for skulen og barnehagen. Anne Marte orienterte om arbeidet i samarbeidsutvalet (SU). SU har rett til å uttala seg om alle saker som gjeld skulen eller barnehagen. Det er til vanleg SU som er høyringsinstans for saker frå kommunen.

Sak 2 Konstituering Val av leiar og nestleiar.

Håvard Tveit blei valt til leiar.

Mona Hegerland blei valt til nestleiar.

Sak 3 Godkjenning av årsplan for barnehagen

Håvard og Anne Marte orienterte om og gjekk gjennom deler av årsplanen for barnehagen. Årsplanen skal vere eit levande dokument og vere eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og til informasjon for føresette og andre.

Håvard orienterte mellom anna om satsingsområda. Hovudsatsingsområdet dette året er *Kommunikasjon, språk og tekst*.

Me vil ta utgangspunkt i problemstillinga: «Korleis kan barnehagen bidra til at kvart enkelt barn vidareutviklar omgrepsforståing og evne til kommunikasjon best mogleg?»

Me har også heile tida naturen som prioritert område. Dette barnehageåret vil me ha ekstra fokus på fuglar. Me vil då dra dette inn i arbeidet med språk og tekst og t.d. bruke bøker, forteljingar, songar, dramatisering, bilde osv. om fuglar.

Årsplanen blei godkjent. Den blir lagt ut på heimesida til barnehagen.

<https://www.vindafjord.kommune.no/barn-og-skule/barnehage/vindafjordbarna/vikebygd-barnehage/planar-og-dokument/arsplan/>

Sak 4 Elevrepresentantane Reiar Winterhus Julsrud og Natalie Dommersnes Vågen informerte og viser eksempel frå skulekvardagen

Reiar og Natalie viste oss korleis dei brukte iPaden og appane Showbie, iThoughts og iMovie. I Showbie legg læraren inn arbeidsoppgåver, arbeidsplanar og lenker til oppgåver og elevane gjer skularbeid, lagar presentasjonar, leverer lekser og les inn leselekser her. Dei kan og få tilbakemelding frå lærarane her. Dei viste også korleis dei brukte iThoughts. Her lagar både lærarane og elevane tankekart, og dei kan legge inn både bilde og lenker. Dei viste og korleis dei brukte iMovie til å lage filmar. Dei var flinke til å forklare og vise eksempel.

Medlemmene i SU spurte kor mykje av skuletida dei jobba på iPaden. Dei trudde dei kanskje brukte den ca. 50% av tida. Elevane syntes dette var for mykje og dei ønska seg meir bruk av bøker og andre arbeidsformer.

Sak 5 Diverse orienteringssaker

- **Skulen sine satsingsområde**

Hovudsatsingsområdet vårt i år er «Eit trygt og godt skulemiljø for alle». Ingrid L. Sandvik snakka om korleis me jobba med dette på skulen og i klassane. Ho viste og eksempel på filmsnuttar frå Livet&Sånn som er eit opplæringsprogram for folkehelse og livsmeistring.

<https://www.livetogsann.no/1-7-trinn/>

- **SFO**

Berit Skartland informerte om SFO. Det er i år 12 barn som har plass på SFO.

Morgontilbodet kl. 06.45 – 08.00 er i barnehagen og fungerer godt for både føresette og barn. Ein legg vekt på å leggje til rette for mykje og variert frileik i SFO-tida. Ein har og fokus på å ha ein god og roleg måltidssituasjon med gode samtalar og små språkleikar. Ein serverer alltid fleire sorter frukt og grønt i slutten av måltidet.

Vedtektene for SFO skal reviderast nå i haust. Me reknar ikkje med at SU får dei på høyring. Om nokon vil ha innverknad på desse må det skje politisk.

- **Vedtatt rulleringsplan for lokale tema på skulen.**

Tema i år er «Vindafjord kommune», og temaperioden blir frå 11.04 – 04.05. Me vil då mellom anna reise på busstur og besøke bedrifter i kommunen. Kulturettermiddagen blir 4. mai 2023. Me jobbar med tema i 3-4 veker og avsluttar alltid med kulturettermiddag i samarbeid med FAU.

- **Budsjett og personalsituasjonen**

Budsjettsituasjonen ved eininga er OK og me reknar med å halde budsjetttramma. Me har eit stabilt og dyktig personale og har tilsette med god kompetanse i alle stillingar. Me merkar at det nå er vanskelegare å få tak i ringevikarar både for skulen og barnehagen.

Sak 6 Ordensreglement for Vindafjordskulen og Vik skule

Ordensreglementet for skulane i Vindafjord blei i 2021 revidert og var gjort gjeldande frå 30.06.21. Pkt. 9 i ordensreglementet inneheld lokale konkretiseringar for kvar enkelt skule. Dette blei vedteke i SU 21.09.21.

FAU ved Vik skule har kome med forslag til nytt punkt i lokal konkretisering:

I Vindafjord Kommune sitt ordensreglement står det i pkt. 7: «Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon ikkje skal nyttas i skuletida og SFO. Tilsett kan gi unntak i samband med undervisning».

Forslag frå FAU om lokal konkretisering for Vik skule: «Klokke med meldingsfunksjon skal vera i skulemodus i skuletida og SFO».

SU kom med forslag om å også ha med: «Den kan då nyttast som vanleg klokke».
SU vedtok dette tillegget i Vik skule si lokale konkretisering av ordensreglementet: «**Klokke med meldingsfunksjon skal vera i skulemodus i skuletida og SFO. Den kan då nyttast som vanleg klokke**»

Sak 7 Ymse

Foreldrerepresentant la fram denne saka frå foreldra:

Ein ønskjer at alle rygger inn i parkeringslomma når dei skal parkere. Dette minkar faren for ulykker då du har betre oversikt på parkeringsplassen når du kjem kjørande inn enn når du skal kjøre ut igjen. Ein minner og om at ingen må la bilen stå og gå på tomgang når dei leverer barn i barnehagen.

Skuleelevar som blir kjørt til skulen skal setjast av nede ved sykkelskuret. Dei skal gå opp bakken til skulen.

Anne Marte W. Tveit

Skrivar